



Notat

Til	Musikkutvalget
Frå	Møre og Romsdal fylkeskommune v/Lene E. Torgersen Mordal
Kopi til	
Vår ref.	24/38451-24/154747
Dato	30.10.2024

Innspel til Musikkutvalget frå Møre og Romsdal fylkeskommune

Takk for invitasjon til å ta del i arbeidet med NOU for musikkfeltet. Møre og Romsdal fylkeskommune sitt innspel er administrativt behandla, og vil bli lagt som referatsak til kultur- og folkehelseutvalet i februar 2025.

Berekraftsperspektiv

Vår fylkesplan er bygd opp rundt FN sine berekraftsmål, og er eit tverrsektorelt styringsdokument. Sjå [Lenke til Fylkesplan for Møre og Romsdal 2025-2028](#). Mange av våre kommunar har også forankra berekraft i sine planar. Den sosiale berekraftsdimensjonen har ein naturleg effekt i kulturaktivitet, men innanfor dimensjonen klima og miljø pågår det eit forbetningsarbeid nasjonalt. Eit enkelt eksempel på ei utfordring innanfor klima og miljø på musikk- og kulturfeltet er når arrangørar, festivalar og organisasjonar hentar profesjonelle utøvarar frå andre kantar av landet eller utlandet. Reiser som fly og bil er den føretrekte måten i distrikts-Noreg, og inntrykket er at svært få får til andre transportløysingar dersom ein skal hente utanfrå.

Interessekonflikten mellom det å ha profesjonell kunst og kultur i heile landet samtidig med klimavennlege løysingar, bør kome fram i NOU'en. Vi oppmodar Musikkutvalget å ta inn berekraftsperspektiva i sitt arbeid.

Styrking av musikklivet

Møre og Romsdal fylkeskommune har uavhengig av fagområda ei rolle som regional utviklingsaktør. Posisjonen mellom det statlege og lokale nivået gjer det mogleg å vere aktiv både oppover og nedover i den nasjonale kulturpolitikken. Dei viktigaste verkemidla som fylkeskommunen har for å støtte musikk- og kulturlivet er tilskotforvaltning, rådgjeving, rettleiing og nettverksarbeid. Samspelet, kunnskapsutvekslinga og initiativa mellom dei administrative ressursane og det regionale politiske nivået er svært viktig for å spele på lag for å utvikle kulturpolitikken.

Nokre forhold som kjenneteiknar musikklivet i Møre og Romsdal:

- Møre og Romsdal har den lågaste kunstnartettleiken i landet. I [Telemarksforsking sin kulturindeks for 2023 \(lenke\)](#) og i alle år før dette, er fylket rangert lågast. Sjølv om musikkarar og komponistar er den største kunstnargruppa i fylket med 412 personar, er denne gruppa også nedst på den nasjonale lista.
- Opphaveleg har song- og musikklivet for alle aldrar i befolkninga vore sterkt i heile fylket, og er det framleis. Innanfor frivilligheita ligg Møre og Romsdal på 3.plass blant fylka i Noreg når det gjeld innbyggjarane si deltaking i korps, kor, historielag, husflidslag og kunstlag, sjå [Telemarksforsking sin Kulturindeks 2023, Frivillighet \(lenke\)](#). Korpsdeltakinga i fylket er høgast i landet.
- Kulturskolane står sterkt. På landsbasis viser tal at Møre og Romsdal ligg 63 prosent over landsgjennomsnittet når det gjeld undervisningstimar i kulturskulen for barn i alderen 9-15 år. jf. statistikk. I [Telemarksforsking sin Kulturindeks 2023, Kulturskole \(lenke\)](#) sto 2073 elevar på venteliste for å få plass i kulturskolane i fylket. Musikk er framleis det føretrekte uttrykket for elevane i tilbodet frå kulturskolane, godt følgt av dans på andre plass.
- Møre og Romsdal har eitt heilprofesjonelt orkester: Sinfoniettaen ved Operaen i Kristiansund. Det er i tillegg semi-profesjonelle orkester med heilårsdrift i byane Kristiansund, Molde (Romsdal), Ålesund og Volda. Fleire festivalar har samansette orkestre under sine festivalar. Ingen av orkestra hadde fungert dersom det ikkje var tilgang på profesjonelle musikkarar, komponistar og dirigentar. Ålesund strykekvarsett i Ålesund kommune har ei viktig rolle i musikklivet, særleg i Ålesund og omegn.
- Institusjonen Operaen i Kristiansund (OIK) er ein viktig institusjon i Møre og Romsdal innanfor musikk- og scenekunstfeltet. Ved å ha eigne tilsette som i tillegg til utøvande verksemد også verkar i undervisning og musikkfrivillighet, får befolkninga gevinst på fleire nivå. OIK nyttar også hyppig profesjonelle frilansmusikkarar frå fylket som forsterkning til orkesteret under Operafestukene i februar.
- Folkemusikkarkivet som er knytt til Stiftinga Viti, eit kulturhistorisk museum på Sunnmøre, nyttar også profesjonelle folkemusikkarar og -dansarar i aktivitet med amatørar.

Listan er ikkje utfyllande. Der er mange miljø i fylket der kjerneaktiviteten baserer seg på profesjonelle og amatørar saman.

Generelt kan vi stadfeste at økonomien for aktørane er under press, og mykje meir anstrengt enn før. Kommunane, organisasjonane, institusjonane og det frie feltet innanfor kultur opplever at varer og tenester har blitt dyrare, men også at tilskotsgivarane har mindre handlingsrom.

Vi oppmodar NOU'en å vise «økosystemet» for musikkfeltet, og konsekvensane økonomien har for mangfoldet, inkluderinga, lokalsamfunna og ulike lag av befolkninga.

Ein viktig føresetnad for eit sterkt musikkliv og gode kulturskolar, er tilgang på profesjonelle miljø, musikkarar og musikkpedagogar som kan leve og virke i heile landet. Samspelet mellom profesjonelt og frivillig kulturliv er med på å forsterke lokal og regional kulturfrivillighet. Å

styrke samspelet er heilt i tråd med måla i dei nye regionale kulturfonda. Utan dei profesjonelle miljøa og profesjonane vil organisasjonslivet forvitre. Det er risiko for at det blir færre mål å strekke seg etter, dårlegare kunstnarleg kvalitet, færre deltagarar, mindre aktivitet.

Vi vil spele inn viktigheita av å ta vare på og stimulere det profesjonelle feltet. Alle nivåa i offentleg forvaltning treng å samhandle om verkemidla og kunnskap. Feltet sjølv bør framstå samordna for å få betre gjennomslagskraft.

Fylkeskommunen sine eigne initiativ

Av eigne initiativ som har relevans for musikklivet i regionen, vil vi trekke fram tilskotsordninga Møremusikarordninga – Arrangørtildskot til innleige av profesjonelle frilansmusikarar. Med ei ramme på 1 million kroner (frå 2025 0,5 million kroner) har svært mange arrangørar (særleg konserter og instruksjon) fått støtte frå fylkeskommunen. Støtta skal berre gå til å honorere profesjonelle frilansmusikarar og eventuelt deira reise. Ein viktig føresetnad er at honoraret må vere minst på Creo sin minstesats, og at eventuell reise blir godtgjort etter Statens regulativ for reise. Ein effekt av ordninga er derfor at den legg til rette for at fleire kan bu og leve av kunsten sin i fylket. Søkarar som kan vise til at profesjonelle og amatørar opptrer saman på scena blir prioritert. Søknadssummen for ordninga er fleire gonger høgare enn ramma, men dei fleste som er kvalifisert for støtte, får støtte, om enn avkorta. Les meir om ordninga [her \(lenke\)](#).

Sjølv mindre beløp kan gi lag og organisasjonar ei viktig støtte i arrangementa. Vi ser vi på ordninga som vellukka, og gir med dette eit tips til andre.

Blant dei fire vidaregåande skolane i fylket som har musikklinje, vil vi også trekke fram Landslinje for Jazz. Den rekrutterer ungdom frå heile landet med interesse og talent for jazzmusikk. Linja er lokalisert ved Molde vidaregåande skole, og blei oppretta i 2018. Molde International Jazz Festival, Storyville jazz Club, NTNU jazzlinja og Midt-Norsk Jazzsenter er og var støttespelarar.

Vi tilrår at Musikkutvalget i arbeidet ser på dette som eit eksempel på at samarbeid mellom ulike musikkmiljø skapar innovasjon og verdiskaping på musikkfeltet.

Andre fylkeskommunale perspektiv:

Regionale kompetansesentre for musikk blir opplevd som lite sjangeruavhengig. Dette kan vere på grunn av historikken til dei tidlegare rytmiske sentra. Det er utydeleg om musikarar og miljø frå andre sjangrar har nytte av dei regionale kompetansesentra for musikk/ Musikkontoret.

Det geografisk nærmeste senteret for Møre og Romsdal er Tempo, som skal verke for Midt-Noreg. Her er det eit uutnytta potensial både i forhold til økonomi og samarbeid.

Vi ønsker at Musikkutvalget ser på dei regionale kompetansesentra for musikk, og vurderer ei nasjonal kartlegging av dei, og med mål om korleis vi saman kan nytte ressursane betre.

Musikk, helse og folkehelse heng saman. I Møre og Romsdal har musikkterapeutane for det meste tilknyting til barnehage, skule/spesialskule eller kulturskule, med forgreiningar over til helsesektoren i nokre tilfelle. I Vestland er det større variasjon, der nokre kommunar – som Kinn

– har forankra musikkterapien i helsesektoren og byggjer så relasjonar til kultur- og oppvekstsektorane derifrå. Ein større kommune, som Bergen, har eit tosifra tal musikkterapeutar fordelt over fire ulike byrådsavdelingar (kultur, oppvekst, helse og sosial). Det er eit uforløyst potensial i Møre og Romsdal for å få inn musikk på systemnivå innanfor helseføretak og behandling. Pasientar som er registrerte med kode for musikkterapi i Helse Midt er så godt som fråverande, medan det for Helse Sør-Øst og Helse Vest er godt representert. Tilknytinga til musikkterapi-utdanningane i Bergen og Oslo kan ha noko å seie for dette.

Vi ønsker at Musikkutvalget tematiserer relasjonen mellom musikk og helse, og viser nasjonal statistikk på fagområdet, kva som er suksessfaktorane for å bruke kulturens og musikkens kraft systematisk inn i andre fagområde.

Pågåande prosesser i kulturpolitikken på regionalt nivå:

Møre og Romsdal fylkeskommune har i sak KNF 13/23 (31.01.2023) gitt innspel til ny politikk for kulturfrivilligheita og regionale kulturfond. [Saka finn du i denne lenka](#). Arbeidet vil bli tett fulgt opp administrativt og politisk slik at fondet skal kome musikkfeltet og resten av kulturen i Møre og Romsdal til gode. Kultur- og folkehelseutvalet og fylkesutvalet vil behandle vår høyringsuttale til forskrifta om regionale kulturfond i februar 2025.

Vi ga også høyringsuttale til ny kulturlov.

Våren 2025 startar vi på rulleringa av vår eigen fylkesstrategi for kultur, frivillig sektor og arenaer. Målet er at rullert plan skal behandlast i fylkestinget første halvår 2026. [Strategien finner du på lenka her.](#)

Vi ønsker Musikkutvalget lukke til med ferdigstilling av NOU'en, og ser fram til å følgje opp resultata.